



FJELLNETTVERKET

Protokoll rådsmøte

25.05.2021



FJELLNETTVERKET

Dato: 25. mai 2021

Møtestad: Teams-møte

Tidspunkt: 09.00-13.00

Til stades med stemmerett:

Anne Beate Tvinnereim, Viken fylkeskommune
Olav Skinnes, Viken fylkeskommune (styret)
Lina Bringsli, Vestfold og Telemark fylkeskommune
Aud Hove, Innlandet fylkeskommune
Hanne Alstrup Velure, Innlandet fylkeskommune (varamedlem styret)
Tone Våg, Trøndelag fylkeskommune
Thomas Sakshaug, Trøndelag fylkeskommune
Linda Døsen, Fjellregionen
Kristin Langtjernet, Fjellregionen
Heidi Granli, Regionrådet for Hallingdal
Pål Terje Rørby, Regionrådet for Hallingdal
Arne Fossmo, Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal
Ole Tvette Muriteigen, Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal
Odd Erik Holden, Valdres Natur- og kulturpark (styret)
Haldor Ødegård, Valdres Natur- og kulturpark
Inger Lise Lund Stulien, Setesdal regionråd (styret)
Jon Halvor Midtmageli, Lillehammerregionen
Viel Jahren Heitmann, Rollag kommune
Nils Johan Svalastog Garnes, Vinje kommune
Christian Elgaen, Rørros kommune (styret)
Knut Martin Glesne, Krødsherad kommune

Jan Gaute Bjerke, Nore og Uvdal kommune

Observatører:

Olav Røssum, Innlandet fylkeskommune (styret)
Marit Bjerås, Trøndelag fylkeskommune (styret)
Solveig Vestenfor, Regionrådet for Hallingdal (styret)
Anne Aasmundtveit, Vest-Telemarkrådet
Rune Jørgensen, Fjellregionen
Jenny Fossum Grønn, Tinn kommune
Torunn Kornstad, Innlandet fylkeskommune
Henning Holmbakken, Lillehammerregionen
Jøran Ødegård Lunde, Valdres Natur- og kulturpark
Karl- Otto Mauland, Vestfold og Telemark fylkeskommune
Ellen Anne Bye, Krødsherad kommune
Irene Teige Killi, Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal
Jan Olav Helling, Regionrådet for Hallingdal
Kjersti Morset Hallerud, Viken fylkeskommune
Rita Hansen, Regionrådet for Setesdal
Anette Sæther, Rørros kommune
Thor Lars Christiansen, Vinje kommune
Kari Randen, sekretariatet for Fjellnettverket
Elin Halland Simensen, sekretariatet for Fjellnettverket



SAKLISTE

<i>Sak 01/21: Opprop og velkomen til rådsmøtet</i>	4
<i>Sak 02/21: godkjenning av innkalling og sakliste</i>	4
<i>Sak 03/21: Val av møteleiar, referent og to representantar til å underskrive protokollen ...</i>	4
<i>Sak 04/21: årsrapport 2020</i>	5
<i>Sak 05/21: rekneskap 2020</i>	5
<i>Sak 06/21: Orientering om status på prosjektet Mat og Opplevingar</i>	5
<i>Sak 07/21: Fjellpolitikk</i>	5
<i>Sak 08/21: Handlingsplan 2022 - 2024</i>	6
<i>Sak 09/21: Budsjett 2022 - 2023</i>	8
<i>Sak 10/21: Appell frå ungdommens distriktspanel</i>	8
<i>Sak 11/21: Uttale frå rådsmøte i Fjellnettverket</i>	8



SAK 01/21: OPPROP OG VELKOMEN TIL RÅDSMØTET

Leiar Olav Røssum ønske velkomen, og dagleg leiar Kari Randen gjennomførte namneopprop. Det var 22 med stemmerett til stades. Desse representerte 15 medlemmer i Fjellnettverket.

SAK 02/21: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Innkalling til rådsrådet vart sendt ut 12.04.2021. Sakliste og sakspapira vart i sendt ut 12.5.21.

VEDTAK SAK 02/21:

Rådsrådet godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 03/21: VAL AV MØTELEIAR, REFERENT OG TO REPRESENTANTAR TIL Å UNDERSKRIVE PROTOKOLLEN

Heidi Granli vart foreslått som møteleiar,
Kari Randen og Elin Halland Simensen vart foreslått som sekretær
Til å skrive under protokollen vart Nils Johan Svalastog Garnes og Odd Erik Holden foreslått.

VEDTAK SAK 03/21:

Til møteleiar valde rådsrådet: Heidi Granli

Til sekretærer valde rådsrådet: Kari Randen og Elin Halland Simensen

Til å skrive under protokollen valde rådsrådet: Nils Johan Svalastog Garnes og Odd Erik Holden



SAK 04/21: ÅRSRAPPORT 2020

Årsrapport for 2020 vart lagt fram av Kari Randen, dagleg leiar i Fjellnettverket.

Følgande hadde ordet i saka:

Nils Johan Svalastog Garnes, Kari Randen, Haldor Ødegård, Thomas Sakshaug, Aud Hove.

VEDTAK SAK 04/21:

Rådsmøtet godkjenner Fjellnettverkets årsrapport for 2020.

SAK 05/21: REKNESKAP 2020

Dagleg leiar Kari Randen presenterte rekneskap og revisorrapport for 2020.

VEDTAK SAK 05/21:

Rådsmøtet godkjenner rekneskap og revisorrapport for Fjellnettverket 2020.

SAK 06/21: ORIENTERING OM STATUS PÅ PROSJEKTET MAT OG OPPLEVINGAR

Prosjektleder Elin Halland Simensen la fram status for arbeidet med prosjektet "Mat og opplevingar i fjellet".

Følgande personar hadde ordet i saka:

Aud Hove, Tone Våg, Kari Randen, Solveig Vestenfor.

VEDTAK SAK 06/21:

Rådsmøtet tek saka til orientering.

SAK 07/21: FJELLPOLITIKK

Styrets forslag til fjellpolitikk blei langt fram av Inger Lise Lund Stulien, nestleder i Fjellnettverket.

Følgande personar hadde ordet i saka:



Jan Gaute Bjerke, Inger Lise Stulien, Kari Randen, Kristin Langtjernet, Hanne Velure, Thomas Sakshaug, Jan Gaute Bjerke, Tone Våg, Christian Elgaaen, Haldor Ødegård og Kari Randen.

Forslag frå Thomas Sakshaug:

Nytt avsnitt under kapittel 3 "Ressursar i fjellområda"::

Samisk kultur og næring

I framtidens Sápmi er det viktig å ta vare på tradisjonelle samiske næringar, samtidig som ein legg til rette for utvikling av nye næringar tufta på samisk kultur. Menneske med tilhøyrse til samisk kultur bevarer og utviklar samisk språk, samisk kultur og samisk samfunnsliv.

Det er det viktig å sikra eit fullverdig samiskspråkleg tilbod gjennom heile livet. Alle som ønsker det, skal ha moglegheit til å læra seg samisk. Samisk språk og kultur er det viktigaste for bevaring av samiske samfunn. Å sikra eit godt samiskspråkleg tilbod i barnehagar og eit likeverdig og godt samiskspråkleg tilbod på skulen vil vera nøkkelen til å lykkast. Her er det avgjerande å ha eit nært og aktivt samarbeid med og mellom kommunane som i praksis skal gjennomføra dette.

VEDTAK SAK 07/21:

Forslaget til nytt avsnitt om samisk kultur og næring vart samrøystes vedteke.

Rådsmøtet i Fjellnettverket sluttar seg til innhaldet i Fjellpolitikk med dei vedtekne endringane og legg dette til grunn for vidare arbeid i Fjellnettverket.

SAK 08/21: HANDLINGSPLAN 2022 - 2024

Forslag til handlingsplan vart lagt fram for møtet av Olav Røssum, styreleiar i Fjellnettverket.

Følgande personar hadde ordet i saka:

Aud Hove, Tone Våg, Nils Johan Svalastog Garnes

Det kom inn fleire forslag til endringar i handlingsplanen, og rådsmøte voterte over desse.

Forslag frå Tone Våg:

Punkt 1A. Økonomi, legge til nytt kulepunkt:

- ivareta ressursgrunnlaget for reindrift og sikre framtidig reindrift i fjellområdene.

Punkt 1D. Kultur, legge til nytt kulepunkt:

- at reindrift og samisk kultur, språk og mattradisjonar bli formidlet som en sentral del av kulturarven fra fjellet.



Forslag frå Aud Hove:

Punkt 1.A. Økonomi, legge til nytt kulepunkt:

- *å sikre utdanningstilbod som næringslivet i fjellkommunane treng*

Forslag frå Nils Johan Svalastog Garnes:

Punkt 1A Økonomi, legge til nytt kulepunkt:

- *auka busetting gjennom bruk av heimekontor*

Forslag frå Hanne Alstrup Velure:

Følgande personar hadde ordet i saka:

Hanne Velure, Olav Røssum, Hanne Velure, Jon Halvar Midtmageli, Nils Johan Svalastog Garnes, Kari Randen, Pål Terje Rørby, Arne Fossmo, Ole Tvette Muriteigen, Hanne Velure, Pål Terje Rørby, Olav Røssum, Jon Halvar Midtmageli, Arne Fossmo, Pål Rørby, Hanne Velure.

Deltidsinnbyggjarar» i «deltidsbustad»

Ein berekraftig region har ein balansert befolkningssamansetning og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping nå og i framtida. Dette vil legge til rette for å halde på hovudtrekka i busettingsmønsteret.

Særleg humankapitalen er ein utfordring i fjellregionen (fjellområda). Det særnorske hyttefenomenet – at stadig fleire familiar lever som deltidsinnbyggjarar i "fleirhus-heimen" – (lang)helger, ferier, pensjonistlivet levast på hytta; fleire jobbar også frå hytta – må danne grunnlag for ny politikk. Arbeidskraft, engasjement, nettverk, økonomi, kunnskap – men har ingen formell innflytelse. Deltidsinnbyggjarar kan involverast meir i lokalt plan- og utviklingsarbeid.

Fjellnettverket skal også arbeide for et mer bærekraftig inntektssystem der lokalisering, dimensjonering og finansiering av offentlig infrastruktur, beredskap og annen offentlig tjenesteproduksjon må baseres på brukertall fremfor innbyggertall.

Forslag frå Pål Terje Rørby:

Punkt 1D Kultur, legge til nytt kulepunkt:

Fjellnettverket skal arbeide for:

- *å fremme immateriell kulturarv som forteljartradisjon og folketru for å styrke lokal identitet og sær eigenheit.*

VEDTAK SAK 08/21:

Forslag frå Tone Våg til nytt punkt under kapittel 1A Økonomi, vart samrøystes vedteke.



Forslag frå Tone Våg til nytt punkt under kapittel 1D Kultur, vart samrøystes vedteke.

Forslag frå Aud Hove til nytt punkt under kapittel 1A Økonomi, vart samrøystes vedteke.

I forslaget frå Hanne Alstrup Velure, voterte rådsrådet over forslaget avsnitt for avsnitt.

- Forslaget i første avsnitt vart samrøystes vedteke.
- Forslaget i andre avsnitt vart vedteke mot tre stemmer.
- Forslaget i tredje avsnitt vart samrøystes vedteke.

Forslag frå Pål Terje Rørby til nytt punkt under kapittel 1D kultur, vart samrøystes vedteke.

Rådsrådet i Fjellnettverket vedtek handlingsplanen for 2022 - 2024 med dei vedtekne endringane. Administrasjonen tilpassar og innarbeider endringane i handlingsplanen.

SAK 09/21: BUDSJETT 2022 - 2023

Styrets leiar, Olav Røssum la fram forslag til budsjett for perioden 2022- 2023.

VEDTAK SAK 09/21:

Rådsrådet godkjenner styrets forslag til budsjett for 2022-2023.

SAK 10/21: APPELL FRÅ UNGDOMMENS DISTRIKTSPANEL

Anne Snarteland frå Fyresdal er ein av ti ungdommar som har vore med på å gje regjeringa råd om framtidens distriktspolitikk. Anne held ein appell for rådsrådet.

SAK 11/21: UTTALE FRÅ RÅDSMØTE I FJELLNETTVERKET

Styrets leiar, Olav Røssum, la fram forslag til uttale frå rådsrådet.

Følgande personar hadde ordet i saka:

Pål Terje Rørby, Olav Røssum, Hanne Alstrup Velure, Thomas Sakshaug, Heidi Granli, Haldor Ødegård, Pål Terje Rørby, Knut Martin Glesne, Hanne Velure, Kristin Langtjernet, Thomas Sakshaug, Kristin Langtjernet, Haldor Ødegård, Pål Terje Rørby, Hanne Alstrup Velure.



FJELLNETTVERKET

Thomas Sakshaug fremma forslag til endringar i uttalen:

Forslag 1:

Ny setning før siste avsnitt:

Mykje er vorte gjort med meir frie inntekter til kommunane.

Forslag 2:

Ny setning før siste avsnitt:

Husstandar med tilbod om høgfabrtbreiband har gått frå 63% i 2013 til 90% i 2020.

Forslag 3:

Endring av første setning i siste avsnitt

Frå: *Mange av desse forslaga må gjennomførast*

Til: *Mange av desse forslaga og tiltaka må vidareførast og gjennomførast*

VEDTAK SAK 11/21:

Rådsmøtet voterte over innkomne forslag.

- Forslag 1 falt med 1 stemme.
- Forslag 2 falt med 2 stemmer
- Forslag 3 falt med 3 stemmer.

Rådsmøtet vedtek uttalen "Gode ord er ikkje nok, det må gjerast noko".

Nils Johan Svalastog Garnes

Nils Johan Svalastog Garnes

Odd Erik Holden

Odd Erik Holden